

# MØTEBOK

<b>Organ</b>	Vestlandsrådet
<b>Møtestad</b>	Quality Airport Hotel, Stavanger
<b>Møtedato</b>	13.01.2011
<b>Kl.</b>	09.00 – 11.30

**Faste medlemmer til stades:**

Tom Tvedt (Ap Rogaland)  
Janne Johnsen (H Rogaland)  
Ola Ingvaldstad (Frp Rogaland)  
Ellen Solheim (KrF Rogaland)  
Jarle Braut (V Rogaland)  
Torill Selsvold Nyborg (KrF Hordaland )  
Tom-Christer Nilsen (H Hordaland)  
Gisle Handeland (Ap Hordaland )  
Terje Søviknes (Frp Hordaland)  
Åshild Kjelsnes (Ap Sogn og Fjordane)  
Mathias Råheim (H Sogn og Fjordane)  
Nils R. Sandal (Sp Sogn og Fjordane)  
Olav H. Bratland (H Møre og Romsdal)  
Jon Åsen (Ap Møre og Romsdal)  
Gunn Berit Gjerde (V)

**Forfall til møtet:**

Mette Holmefjord Olsen (SV Hordaland)  
Elin Merete Førde (Frp Sogn og Fjordane)  
Heidi Kathrin Osland (SV Sogn og Fjordane)  
Svein Atle Roseth (KrF Møre og Romsdal)  
Frank Svec (Frp Møre og Romsdal)

**Varamedlemmer til stades:**

Harald Hove (V Hordaland)  
Norvall Nøringset (SV Sogn og Fjordane)  
Randi W. Frisvoll (KrF Møre og Romsdal)

**Til stades med tale-/framleggsrett:**

Fylkesrådmann Trond Nerdal, Rogaland  
Fylkesrådmann Paul M. Nilsen, Hordaland  
Fylkesrådmann Jan Øhlckers, Sogn og Fjordane  
Fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik, Møre og Romsdal

**Andre til stades:**

Randi Klæbo, Rogaland  
Terje Fatland, Rogaland  
Matti Torgersen, Hordaland  
Harald Offerdal, Sogn og Fjordane

**Sekretariat for møtet:**

Sekretariatsleiar Trond Ueland

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 22.10.10 vart godkjend utan merknader.

**Open time:**

Sekretariatsleiar Trond Ueland orienterte om incentivordninga i samband med utanlandsk filmproduksjon i Norge. AU v/leiar Tom Tvedt(Ap Rogaland) følgjer opp dette.

Representanten Åshild Kjelsnes (AP Sogn og Fjordane) orienterte om Nasjonal rassikringskonferanse 8. februar i Oslo. Program for konferansen vart delt ut.

Representanten Gunn Berit Gjerde (V Møre og Romsdal) tok opp spørsmål omkring fagskulane. Ho bad om at dette vert følgt opp og at det vert orientert om seinare rådet. Au fekk ansvar for å følgje dette opp.

Representanten Tom Tvedt (Ap Rogaland) orienterte om oppstartkonferanse om ferjefritt E 39 25. mars i Stavanger. Konferansen vert arrangert av Vestlandsrådet og Statens Vegvesen.

Tvedt orienterte og om ein eigen konferanse 23. februar om finansieringsløysingar innan samferdslektoren. Den vert arrangert i Møre og Romsdal. Vestlandsrådet er ikkje arrangør her.

**SAK 1/11**

**Kinastrategi**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet vedtek å starte opp eit forprosjekt i 2011 med mål om å greie ut grunnlaget for ein samla Kinastrategi på Vestlandet.
2. Vestlandsrådet løyver kr 300.000 til forprosjektet.
3. Satsinga føreset tilslutning og løyving frå kvar av dei fire fylkeskommunane til etablering av ei inkubatorordning i Ningbo.
4. Regionale aktørar på Vestlandet vil bli invitert til å delta i eit partnerskap om satsinga.

**Endringsframlegg:**

Representanten Janne Johnsen (H Rogaland) sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 5:

5. Satsinga jmf. pkt 3 vert evaluert innan 2 år.

**Avrøysting:**

Punkt 1,2 og 4 var vedtekne mot 1 stemme.

Pkt. 3 vart vedteke mot 3 stemmer.

Framlegg frå repr. Janne Johnsen (H Rogaland) til eit nytt pkt 5 vart samrøystes vedteke

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet vedtek å starte opp eit forprosjekt i 2011 med mål om å greie ut grunnlaget for ein samla Kinastrategi på Vestlandet.
2. Vestlandsrådet løyver kr 300.000 til forprosjektet.
3. Satsinga føreset tilslutning og løyving frå kvar av dei fire fylkeskommunane til etablering av ei inkubatorordning i Ningbo.
4. Regionale aktørar på Vestlandet vil bli invitert til å delta i eit partnerskap om satsinga.
5. Satsinga jmf. pkt 3 vert evaluert innan 2 år.

**SAK 2/11**

## Forvaltningsplan for Nordsjøen

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet sluttar seg til høyringsnotatet slik det ligg føre i eit eige notat
2. Vestlandsrådet beklagar at prosessen med forvaltningsplanen for Nordsjøen og Skagerrak så langt har vore oppfatta som lukka og lite tilgjengeleg.
3. Vestlandsrådet ber den politiske gruppa – Janne Johnsen (H), Tom-Christer Nilsen (H), Mathias Råheim (H) og Jon Aasen (Ap) - for maritime verdiskaping vere styringsgruppe for arbeidet fram mot ferdigstilling av forvaltningsplanen i 2013.

### **Endringsframlegg:**

Repr. Janne Johnsen (H Rogaland) sette fram slikt framlegg til endring under pkt 2:

”...oppfatta som...” vert teke ut.

### **Avrøysting:**

Fylkesrådmannen si tilråding med Janne Johnsen (H Rogaland) sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

### **Protokollmerknad:**

Janne Johnsen (H Rogaland) fremja følgjande framlegg om tillegg i saksframstillinga s4 om bunntråling som fangstform:

”Ein bør likevel ha eit særleg fokus på teknologiutvikling knytt til bunntråling som fangstform”.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet sluttar seg til høyringsnotatet slik det ligg føre i eit eige notat
2. Vestlandsrådet beklagar at prosessen med forvaltningsplanen for Nordsjøen og Skagerrak så langt har vore lukka og lite tilgjengeleg.
3. Vestlandsrådet ber den politiske gruppa - Janne Johnsen (H), Tom-Christer Nilsen (H), Mathias Råheim (H) og Jon Aasen (Ap) - for maritime verdiskaping vere styringsgruppe for arbeidet fram mot ferdigstilling av forvaltningsplanen i 2013.

## **SAK 3/11**

**Utfordringar og muligheiter for Vestlandsjordbruket - behov for ei sterkare regionalisering av landbrukspolitikken?**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet meiner at fylkeskommunane i større grad bør få ansvar for ein regional landbrukspolitikk basert på ein politikk for landskap og busetjing.
2. Mål om å stoppe nedgangen i jordbruksareal på Vestlandet, auke turisme på Vestlandet gjennom ope landskap og bygder med husdyr og folk, bruk av meir lokale råvarer til matvareindustrien og utvikle nye næringsmiddelbedrifter, og sikre rekruttering til landbruket, vil vere særleg sentrale for ein regional landbrukspolitikk.
3. Ein landbrukspolitikk for matproduksjon bør framleis vere nasjonal.

**Endringsframlegg:**

Janne Johnsen (H Rogaland) sette fram slikt framlegg til tillegg i pkt 1:

”...og produksjon.” vert teke inn sist i setninga.

**Avrøysting:**

Fylkesrådmannen si tilråding med Janne Johnsen (H Rogaland) sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet meiner at fylkeskommunane i større grad bør få ansvar for ein regional landbrukspolitikk basert på ein politikk for landskap, busetjing og produksjon.
2. Mål om å stoppe nedgangen i jordbruksareal på Vestlandet, auke turisme på Vestlandet gjennom ope landskap og bygder med husdyr og folk, bruk av meir lokale råvarer til matvareindustrien og utvikle nye næringsmiddelbedrifter, og sikre rekruttering til landbruket, vil vere særleg sentrale for ein regional landbrukspolitikk.
3. Ein landbrukspolitikk for matproduksjon bør framleis vere nasjonal.

**SAK 4/11**

**EUs regionalpolitikk 2014-20**

**VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet støtter en regionalpolitikk som fremmer samhörighet og utjevning mellom regioner med ulike økonomiske, sosiale, geografiske og demografiske utfordringer.
2. Det er avgjørende viktig at EUs regionalpolitikk også i framtiden muliggjør en differensiert offentlig støtte og innsats i ulike typer regioner. Her vil særilig ordningen med differensiert arbeidsgiveravgift være viktig å videreføre.
3. Det er særilig viktig at det åpnes opp for egne støtteordninger for regioner med geografiske eller demografiske utfordringer, slik som øy-, fjell- og fjordregioner. Vestlandsrådet støtter derfor opp om de initiativ den norske regjeringen har tatt for å sikre at EUs regionalpolitikk også gjennom EØS-avtalen muliggjør en offensiv og differensiert regionalpolitikk i Norge.

4. En mer fleksibel politikk er også viktig for å kunne åpne for en politikk der byregionene i større grad kan være drivkraften for vekst og sentre for nyskaping og kreativitet
5. Vestlandsrådet vil også peke på de positive resultatene som Interreg-programmene har bidratt med, og ber den norske regjeringen om å prioritere en økt satsing på norsk deltakelse i disse programmene i perioden 2014-20.

### **SAK 5/11**

#### **Kartlegging marine og maritime næringer**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

Vestlandsrådet løyver kr 60.000 til kartløyising for å formidle materiale frå kartlegginga “Den maritime næringa på Vestlandet”.

#### **Endringsframlegg:**

Representanten Tom-Christer Nilsen (H Hordaland) sette fram slikt framlegg:

1. Vestlandsrådet ber om ei oppdatering av tala for 2010
2. Vestlandsrådet ber om å få utarbeida ei kartløyising i forbindelse med lanseringen av tala for 2010

#### **Avrøysting:**

Det vart røysta alternativt over Fylkesrådmannen si tilråding og endringsframlegg frå Tom-Christer Nilsen (H Hordaland). Endringsframlegget frå Nilsen vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet ber om ei oppdatering av tala for 2010.
2. Vestlandsrådet ber om å få utarbeida ei kartløyising i forbindelse med lanseringen av tala for 2010.

### **SAK 6/11**

#### **Møteplan 2011**

**VEDTAK:**

Møteplan for 2011 vert slik:

*13. januar 2011 i Rogaland*

*14 - 15. juni i Sogn og Fjordane (fellesmøte med Fylkesutvala)*

*24. november i Hordaland (Flesland)*

## **SAK 7/11**

### **Budsjett 2011**

#### **VEDTAK:**

Vestlandsrådet vedtek budsjettet for 2011 slik det ligg føre.

## **SAK 8/11**

### **Skriv og meldingar**

#### **Følgjande skriv og meldingar låg føre:**

1. Samferdsel - svarbrev frå Statsministerens kontor
2. Kyststamvegen på Vestlandet - oversending av brev frå Vestlandsrådet til rette dept.
3. Nordsjøstrategi - brev frå Kommunal- og regionaldept.
4. Nasjonal transportplan 2014-2023. Politisk møte med Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane fylkeskommunar og Bergen kommune
5. Kort referat frå møte i AU 17 desember 2010
6. Telefonmøte i AU 17 desember 2010
7. Skognæringa og miljøet, informasjon-og dialogkonferanse i Stavanger 12.01.10
8. Nordsjø 2020 strategi – orientering om status og framdrift
9. Vedrørende incentivordning for utenlandske filmproduksjonen i Norge
10. Disposisjon handlingsprogram for transportplan Vestlandet 2010 – 2014 (22), notat frå samferdslegruppa
11. Nasjonal rassikringskonferanse 8. februar i Oslo – program
12. Den maritime næringa på Vestlandet – rapport